



Utviklingssenter for
sjukeheimar og heimetenester
Sogn og Fjordane

Informasjon om forbetningsutdanning for kommunar

Førde 8.11.19

Forbetningsarbeid i praksis

Eitt av kriteria for å delta på forbetningsutdanninga, er at deltakarar i forkant vel eit tema som arbeidsplassen treng forbetring på. Deltakarar frå kvar kommune bør velje eit felles tema som er avklart til førebuande samling 15 januar. Utviklingssenteret har fått innspel frå leiarar i omsorgstenester på at tema for praksis bør vere valfritt, men at det er nyttig å knytte det til reforma, Leve heile livet eller innsatsområda i Pasienttryggleiksprogrammet.

Dato for samlingar:

Forbetningsutdanninga vil ha ei førebuande samling over ein dag den 15 januar, og tre samlingar over to dagar. Stad for samlingane vil bli sentralt i Sogn og Fjordane, mest sannsynleg i Førde. Meir informasjon og program for førebuande samling 15 januar vil bli sendt ut 14 dagar før.

Førebuande samling 15 januar

1 samling: 11 og 12 februar

2 samling: 15 og 16 april

3 samling: 15 og 16 september

I tillegg vil det vere videomøter mellom samlingane, der vi har fokus på erfaringsdeling og rettleiing. Vi vil komme tilbake med dato og tidspunkt for desse.

Kostnader: Kommunane må dekke faktiske utgifter til reise og overnatting. Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) dekker kursavgift og vil søkje eksterne midlar for å redusere på kostnadane.

Påmelding til: Berit Ullebust, e.postadr: berit.ullebust@forde.kommune.no

Ta kontakt om de ynskjer meir informasjon

Helsing

Berit Ullebust